

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 3-2016
Tid: Fredag 1. april kl. 09:00 – 14:30
Stad: Alver hotel

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Jon Askeland, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Tom Kristian Thorsen, Nina Bognøy (varaordfører), Anne Dahle Austrheim (varaordfører)
Rådmenn:	Ingvild Hjelmtveit, Svein Helge Hofslundsengen, Jarle Landås, Jostein Førre, Vidar Bråthen, Øivind Olsnes, Ørjan Raknes Forthun, Jan Olav Osen
NUI:	Rune Heradstveit, Kari Evensen Natland (sak 23/16)
Andre:	Nordhordlandspakken AS: Pål Kårbø, Helge Sandvik og Svein Rosseland frå Statens Vegvesen Bergen reiselivslag: Ole Warberg
Forfall:	Astrid Aarhus Byrknes, Per Lerøy, Reidun Halland

Sak 20/16	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 21/16	Godkjenning, protokoll møte 2-2016 Møteprotokoll frå møte 2-2016 vart godkjent utan merknadar.
Sak 22/16	<p>Nordhordlandspakken AS (vedlegg) Styreleiar Pål Kårbø og Helge Sandvik og Svein Rosseland frå Statens Vegvesen orienterte om status for Nordhordlandspakken.</p> <p>Helge Sandvik viste historisk tilbake til 2007 om lokal, regional og no sentral handsaming. Vidare om ekstern kvalitetssikring (KS2), og kva grunnlagsdokument og styringsmekanismer som ligg i kvalitetssikringa. T.d. korleis pakken skal styrast, handtering av uvisse, og trafikknotatet som gjer greie for trafikken som er lagt til grunn for finansiering.</p> <p>Forslaget til Stortingsproposisjon er ferdig. Det som no står igjen, er ein prosess med kvalitetssikring i Vegdirektoratet. Grunna arbeidet i departementet samt at ein fort nærmar seg ferien, vert pakken mest sannsynleg lagt fram i andre halvdel av 2016. Handsaminga i Stortinget vil skje enten i ein samleproposisjon, eller som ein eigen proposisjon. Dersom den kjem inn i ein samleproposisjon, så har ein fortsatt håp om handsaming i vårsesjonen. Men i forhold til praktisk framdrift i pakken betyr ikkje dette så mykje då Statens vegvesen har tilsett prosjektleiar for prosjektet og han er allereie starta å jobba med innhaldet i pakken.</p> <p>I forhold til handsaming i Stortinget i vår, kan det sjølv sagt hjelpa å «masa» på byråkratiet og politikarane, og Sandvik viste til at enkelte regionar og fylke er meir aktive enn andre på dette området. Pål Kårbø sa at han har prøvd å etterlysa den politisk, bl.a. med samferdsleministeren og andre sentrale politikarar innan samferdsle i Hordaland. Han vil</p>

	<p>fylgja dette vidare opp.</p> <p>Tilsett prosjektleiar Svein Rosseland, orienterte så om arbeidet han er starta med. Han gjekk gjennom prosjekta og gav ein kort status for reguleringsplanar og evt. om desse ikkje er på plass, eller at dei må justerast. I fyrste omgang vil han ha fokus på prosjekt 1-7 og 12. Det må etter kvart organiserast eit kontaktutval bestående av representantar frå eigarar og vegvesenet. Vidare sa han litt om vegnormalar, handbøker og styrande dokument. Tidlegast oppstart i felten vil vera seinhaustes 2017 eller på nyåret 2018.</p> <p>Rune Heradstveit viste til status for økonomien i selskapet, og at eigarane må inn med kapital for å drifta arbeidet med pakken også i 2016. Styret har bedt om kr. 375 000 frå eigarane. NUI eig 40 % av pakken, og regionen sin del vert derfor kr 150 000. Regionrådet / NUI sine fond er tomme, og ein må derfor no til kommunane for å henta inn midlar. Heradstveit la viste til modellar med litt ulike kriteria som kan nyttast for kostnadsfordeling mellom kommunane.</p> <p>Vedtak: Regionrådet slutta seg til forslaget frå administrasjonen til kostnadsfordeling mellom kommunane for å finansiera regionen sin del av kostnader knytt til Nordhordlandspakken AS. Det vert ein fast del på alle kommunar og i tillegg ein variabel med folketal på Lindås, Meland og Radøy.</p>
<p>Sak 23/16</p>	<p>Forslag til organisering av reiselivet i «Region Bergen» (vedlegg) Reiselivssjef Ole Warberg la fram forslag til organisering av framtidig reiseliv i «Region Bergen», herunder spesielt kva dette betyr for kommunane i Region Nordhordland (vedlegg).</p> <p>Dei to siste regjeringane har hatt som mål å gjennomføra ein prosess for å effektivisera reisemålselskapa i Noreg, og å initiera til eit samarbeid i større regioner.</p> <p>Det for å få til:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Auka verdiskaping og produktivitet 2. Fleire heilårs arbeidsplassar og meir solide verksemder, særleg i distrikta. 3. Fleire unike og kvalitativt gode opplevingar som trekk til seg kundar med høg betalingsvilligheit <p>Hordaland fylkeskommune har fylgt opp dette, og det har i Hordaland vore gjennomført ein prosess frå 2014 for å sjå på korleis organiseringa av dei ulike regionene kan vera. I den vestlige delen av Hordaland har det vore jobba med temaet «Bergen og kysten». Dette resulterte i ein prosess der kommunane i Kysteventyret, Nordhordland og Bergen no saman har utvikla ein forretningsplan for ei felles organisering.</p> <p>Ei arbeidsgruppe med representantar frå Region Nordhordland, Region Vest i tillegg til Warberg har jobba med dette ei tid. Nordhordland har vore representert med Rune Heradstveit frå NUI, og med Svein Nordvik og andre representantar frå næringslivet.</p> <p>Warberg orienterte så vidare om forretningsmodellen ein legg til grunn for nye «Region Bergen reiseliv» - med vekt på dette:</p> <ol style="list-style-type: none"> a) Ein større region i «Region Bergen – Kysten» b) Eit sterkare samarbeid i heile Hordaland c) Ein felles forretningsplan med: visjon / forretningside / hovudmål / marknader / målgrupper / strategiar / leveransegaranti / verksemdområde / finansiering / organisering / aktivitetar / tidsplan d) Finansiering: privat og offentleg kapital / per capita / inngangssum / fylke og stat <ol style="list-style-type: none"> a) Organisering, administrasjon og bemanning: innanriksminister / kystminister / nettverksgrupper / styrepresentasjon a) Verktøykassen – dei operative midla b) Tidsplan

	<p>At Region Nordhordland og Region Vest vert med og dannar nye «Region Bergen reiseliv» betyr at det må tilførast 2 årsverk. Ein «innanriksminister» som skal jobba med felles prosjekt innan marknadsføring, sal og profilering og ein «utanriksminister» som skal jobba med produktutvikling med fokus på nettverksbygging, fellesprosjekt, fasilitering, konseptutvikling, initiativtakar og tilretteleggar i regionen. Det vert oppretta ei nettverksgruppe reiseliv i Kysteventyret og i Region Nordhordland. Regionrådet i Nordhordland gjennom Nordhordland Utviklingsselskap IKS etablerer ein vertskapsfunksjon for dette. Personell frå «Region Bergen Reiselivslag» som har oppgåver og roller i Nordhordland bidrar inn i nettverksgruppa med kompetanse og bidrag slik som forretningsavtalen legger opp til. Regionen vil ha ein styreplass.</p> <p>Warberg understreka at Bergen er avhengig av regionane rundt seg, og at regionane er avhengige av Bergen dersom ein skal utvikla reiselivet. Derfor vil heile nye «Region Bergen reiseliv» bestå av 24 personar som alle vil jobba med reiselivet i Nordhordland.</p> <p>Økonomisk legg forretningsplanen opp til at kommunane i snitt må bidra med 17-20 kr pr. innbyggjarar. I tillegg vil næringane sjølv sagt bidra, og blir dette vellukka, vil både aktiviteten og breidda av næringar auka og dermed også inntektene.</p> <p>Vedtak om å etablere nye Region Bergen reiseliv bør koma så fort som mogeleg, og det er eit håp om at ei sak kan leggjast fram og handsamast i kommunane før ferien.</p> <p>Det var deretter ein runde rundt bordet, og medlemmene i Regionrådet takka for ein fin presentasjonen og synest dette var veldig spennande og i tråd med tidlegare bestilling om å utgreia eit nærare samarbeid med Bergen reiselivslag.</p> <p>Rune Heradstveit viste til ulike modellar som kan brukast for å finna ei rettvis kostnadsfordeling mellom kommunane.</p> <p>Vedtak: Regionrådet synest forretningsmodellen for framtidig organisering av reiselivet i «Region Bergen» inkludert kva dette betyr for Nordhordland var god, og bad NUI leggja fram ei felles sak til kommunane om dette.</p>
<p>Sak 24/16</p>	<p>Godkjenning av mandat til Utval for helse og omsorg Utkast til mandat for Utval for helse og omsorg vart lagt fram. Utkastet byggjer på eksisterande mandat og på evalueringar som er gjort.</p> <p>Vedtak: Regionrådet godkjente forslaget til mandat for Utval for helse og omsorg slik det føreligg til møtet.</p>
<p>Sak 25/16</p>	<p>Stiftinga Kystsogevekene – val av to kandidatar til styret Stiftinga Kystsogevekene har bedt om at Region Nordhordland vel to kandidatar til styret i stiftinga, ein av kvart kjønn.</p> <p>Vedtak: Regionrådet vel Hallvard Oppedal og Nina Bognøy til kandidatar frå regionen til styret i Stiftinga Kystsogevekene.</p>
<p>Sak 26/16</p>	<p>NTP – og invitasjon til Innspels- og høyringsmøte onsdag 13. april Rune Heradstveit viste til at Regionrådet er invitert til å halda eit kort innlegg frå regionen på Innspels- og høyringsmøtet for NTP 2018-2029 onsdag 13. april.</p>

	<p>Vedtak: Regionrådet er tydeleg på at ein må prioritera invitasjonen til møtet og at ein må førebu innspel frå regionen. Regionrådsleiar og utval for næring og samfunnsutvikling får i oppgåve å førebu innspel. NUI kallar inn til møte.</p>
Sak 27/16	<p>Kommunereform. Informasjonstiltak og tidsplan Rune Heradstveit la fram to notat om korleis ein kan leggja opp informasjonsarbeidet i kommunereformarbeidet og om problemstillingar vedr. tidsplanen framover.</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. NUI jobbar vidare med å få til orienteringsmøte på dei vidaregåande skulane der ordførarane deltek. 2. Det vert utforma ei større annonse i lokalavisene som dei åtte kommunane står bak der det vert informert om kommunestrukturprosjektet og prosessen. Det må vera ei full distribusjonsopplag. 3. At det 24. mai vert felles presentasjon av innbyggjarundersøkinga og folkeavstemminga for forhandlingsutvala 4. NUI lagar felles saksutgreiing for dei kommunane som seier ja
Sak 28/16	<p>Meldingar og eventuelt Intet.</p>

Knarvik, 15. april 2016

Karstein Totland

Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 22-16 Nordhordlandspakken – status prosjekt

Sak 22-16 Nordhordlandspakken - prosjekta

Sak 23/16 Forretningsplan - utkast organisering av reiselivet i «Region Bergen»

Sak 23/16 Presentasjon framtidig organisering av reiselivet i «Region Bergen»

Sak 24/16 Mandat - Utval for helse og omsorg - godkjent 1. april 2016